

Mandat for NORM-fagråd

Utarbeidd av NORM referansegruppe 2001, Revidert av NORM Fagråd våren 2011 og hausten 2015.

Innleiing

Erfaringa med eit NORM-fagråd er god og funksjonen oppretthaldast. I tillegg til rådgjeving kring overvåkingsopplegg, har fagrådet ei viktig oppgåve i å vurdere søknader om forskningsmidlar.

Fagråd

NORM-fagråd har til oppgåve å sikre god fagleg aktivitet i NORM, i forståing med det samla medisinsk mikrobiologiske og infeksjonsmedisinske miljøet.

Samansetnad, val og funksjonstid

Fagrådet bør vere samansett slik:

- 1 mikrobiolog frå foretakslaboratorium.
- 1 mikrobiolog frå universitetssjukehus.
- 1 mikrobiolog frå Nasjonalt folkehelseinstitutt (FHI).
- 1 bioingeniør frå Norges Ingeniør- og Teknologorganisasjon (NITO).
- 1 representant frå Norsk forening for medisinsk mikrobiologi (NFMM).
- 1 representant frå Norsk forening for infeksjonsmedisin (NFIM).
- 1 representant frå Norsk forening for allmenmedisin (NFA).

Helse- og omsorgsdepartementet kan utnemne ein observatør dersom departementet ønskjer det.

Retningsliner for oppnemning, samansetnad og funksjonstid av fagrådet

- Det bør vere ein rimeleg geografisk representasjon.
- Dobbeltrepresentasjon frå eitt sjukehus bør unngåast.
- Divisjonsdirektøren for smittevern ved FHI utnemner medlemene etter råd frå sitjande fagråd.
- For å sikre kontinuitet bør omlag halvparten av fagrådet skiftas ut annakvart år.
- Medlemene utnemnast for 4 år om gongen, med høve til ei ny oppnemning.
- Representantane frå foreiningane NITO, NFMM, NFIM og NFA føreslåast av dei respektive foreiningane for fagrådet, som igjen føreslår for FHI.
- Alle frammøtte medlemmer i fagrådet har røysterett, og ved usemje avgjerast saker ved simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap har leiaren dobbelrøyst.
- Leiar og nestleiar veljast av fagrådet for to år om gangen, med høve til eitt attval.
- NORM sentralt har sekretariatfunksjon for fagrådet.

Møteverksemd

- Fagrådet bør ha minst 2 møte per år. Saker som hastar, kan handsamast utan at fagrådet kjem saman i møte, men kommuniserer på annan måte som e-post og om nødvendig telefonmøte.
- NORM sentralt kallar inn til og skriv referat for møta. Sakliste utarbeidast i samarbeid mellom leiar i fagrådet og NORM sentralt.

Mandat for fagrådet

- Fagrådet skal haldast informert om, og kan uttale seg om, saker i NORM av fagleg karakter. NORM sentralt skal vektlegge Fagrådets meining i faglege spørsmål.
- Det enkelte laboratorium har råderett over sine egne data ¹⁾.
- I spørsmål som gjeld innsamling og bruk av data frå dei mikrobiologiske laboratoria har fagrådet sitt syn avgjerande vekt.

- Ved utlevering av data frå NORM skal fagrådet godkjenne at utleveringa er i samråd med NORM-forskriften.
- Fagrådet skal ta endeleg stilling til søknadar om forskingsprosjekt med utgangspunkt i innsamla NORM-data. Dette gjeld også initiativ frå NORM sentralt.
- Fagrådet skal på same måte vurdere NORM-prosjekt som involverer to eller fleire laboratorium utanom NORM sentralt.
- Fagrådet vurderer søknader om forskingsstøtte og prioriterer desse for NORM sentralt på haustmøtet ²⁾.
- Fagrådet skal ta stilling til bruk av NORM-data før dei er publisert i NORM-rapporten.
- Fagrådet skal på sitt haustmøte ta stilling til NORM sentralt sitt forslag til aktivitet og budsjett for neste år. Her inngår val av mikrobar og antibiotika, metodar og omfang ved neste års overvaking.
- Fagrådet skal sjå til at internasjonalt samarbeid blir vurdert og tatt stilling til.
- NORM sentralt utarbeider ei samla årsmelding for verksemda. Denne leggst fram for fagrådet før den sendast til Helse og omsorgsdepartementet (HOD).
- Rekneskapan for NORM skal kvart år leggst fram for fagrådet til orientering.

Fotnotar:

- 1) Laboratoriet kan lokalt bruke/sette saman eigne data utan å søke NORM sentralt.
- 2) Ved behov kan fagrådet søke støtte eksternt for å vurdere forskingsprosjekt fagrådet ikkje sjølv ser seg kompetente til å vurdere.

Vedlegg:

NORM/UNN Databehandlaravtale

[NORM-forskriften](#)